


Arild Håkedal

# BUREISING I ÅMLI



*Bureisingsbruket "Ljosland" var det fyrste (1933) av i alt 6 slike bruk reist i Gjermones krets i 1930 - åra. Bureisar var Hans Berås. Foto: Arild Håkedal*

Rydding av skog og dyrking av ny jord er like gammalt som den faste busetnaden i bygda. Soga til dei aller fyrste heilårsbuande Åmlifolka er sjølvstekt kjend. Men truleg var det slik at dei attraktive områda nær kysten blei overfolka, og at familiegrupper blei pressa innover i landet. Flatlandsmoen i Gjøvdal er eit minne etter denne fyrste tida, det indre landnåmet (landnåm = ta ubrukt mark, kolonisering), omlag 400 - 600 e.Kr. På same vis kan ein tenke seg at desse fyrste familiegruppene rydda garden Åmli (prestegarden), Risland, Bortinghus osv. Der var truleg sterke familieband mellom dei eldste gardane, som naturleg nok var dei med best jord og best plassering i høve til frost. Etterkvart som folketalet auka her òg, blei det behov for meir nyridding.

Fram til Svartedauden i 1349 har det nok vore ein toleg jamn ekspansjon av nytt jordbruksareal. Utmarka som tilhørde ættegarden blei fyrst tildelt dei med familietilknytting. Etterkvart som familiebanda blei utvatna, blei det derfor stadig vanskelegare for dei mest ubemidla å skaffe seg ny jord. Dessutan måtte dei skaffe seg husdyr, som var det viktigaste driftsmidlet i den tida. Såleis utvikla det seg ei arbeidarklasse som var avhengig av storbonden for å overleve.

I vikingtida var det dessutan eit enormt trellehald, ein-skilde forskarar hevdar mellom 1/4 og halvparten av landets samla folketal. Eit brutalt slavehald har altså tru-

leg vore ein del av Åmlisoga, der behandlinga av trælane får "Onkel Toms hytte" til å bli reine søndagsskulen. Eit anna moment var at staten (kongen) trong skattar til bl.a. hirden og var ikkje interessert i at gardane blei for oppdelte og små, for storleiken var grunnlaget for skattetakseringa, skylda (målt i huder i Åmli).

I landslova av 1274 finn me den fyrste statlege stimulering av nydyrking. Den som braut opp ny jord blei fritatt for offentlege byrder i 3 år.

På grunn av Svartedauden blei der mykje jord ledig, og det tok omlag 200 år før rydding av ny jord og gjenrydding av gamle øydegardar tok fart att, særleg tida 1500 - 1660, av og til kalla "Det andre landnåmet". I det 17. århundre blei den avgiftsfrie tida ved nydyrking fyrst utvida til 6 år, og seinare til 10 og 15 år. Fyrst då blei stimuleringa slik at det blei noko auke. Der det ikkje var allmenningar, noko det knapt var i Åmli, blei nyriddingsplassen lagt under den garden marka tilhørde. Me fekk utviklinga av husmannsvesenet. Dette var folk med arbeidsplikt til garden og som budde på egne "plassar". Systemet starta midt på 1600-talet, fyrst temmeleg lite. Desse plassane hadde ikkje eiga skyld og tilhørde garden. Nyriddingsmannen blei for framtida husmann, og nyriddingsplassen "husmannsplass med jord".

Omfanget fortel desse teljingane for heile landet om: Frå 1723 ca. 12000 (omlag 325 i Nedenes amt) til ein topp i

1865 på ca. 67000, for så å gå attende. I 1855 var det ca. 25 % husmenn med jord i høve til sjølveigande bønder Agder sett under eitt. I 1865 var det 0,73 tenestefolk tolt pr gardbrukar i nåverande Aust-Agder.

Den store arbeidskrafta ein trong til gamaldags gardsdrift blei óg passa på av lovverket. Eigedomslause arbeidarar hadde ikkje lov til å reise ut av soknet for å ta seg arbeid. Dette var lov heilt frå Håkon Håkonsens tid, og så seint som i 1812 påla visestathaldaren dei som ikkje tok teneste på den garden plassen tilhørde, arrest opptil to månader på eiga rekning.

Men flytte kunne og gjorde dei. Åmli og nærliggjande bygder skil seg ut frå resten av landet med at befolkingsauka kom omlag 100 år seinare her enn elles. Fyrst etter år 1800 steig innbyggartalet, parallelt med utbreiinga av poteta. Hovudgrunnen til den seine aukinga var truleg utflytting, vesentleg til kysten og byane der. Dette førte óg til at husmannsvesenet var relativt lite i Åmli, gardane tálte dårleg jorddeling og overskotet i befolkninga blei på eit vis støytt bort.

Med ufrie vilkår og liten framtidsutsikt for betring, var det ikkje rart at Amerikafebereren greip om seg. Rundt byrjinga av dette hundreåret var utvandringa så stor at landets elite byrja å bekymre seg. Emigrasjonen var i 1902-05 på ca. 90000, dei fleste i sin beste alder. I 1901-1910 var utvandringa frå Aust-Agder aleine 11635 (!) Som reaksjon på dette blei "Selskapet til Emigrationens innskrænkning" stifta i 1908. I 1915 vart namnet endra til "Ny Jord, Selskap til landets indre kolonisasjon og emigrasjonens innskrænkning", seinare bare kalla "Ny Jord." Dette skulle vise seg å bli kimen til den fyrste organiserte bureising i Noreg. I starten var ideane ein del romantiske og eliteprega. Knut Hamsuns "Markens grøde" kjem i denne tida og ber preg av tankegangen. Einskilde skulda grunnleggjarane for å ha eit bakanforliggjande motiv - redselen for å miste den gamle, billige arbeidskrafta til Amerika.

Så kom 1. verdskrigen, og med den mangel på viktige varer. Namnet bureising blei "oppfunnen" i denne tida, og fekk etterkvart større tilslutning, nå med sjølvberging av landet som viktig argument. Så steig arbeidsløysa i frå 1920, og i 1921 fekk me statsstøtte til dei som ville bryte ny jord for fyrste gong. Rundt 1930 auka arbeidsløysa dramatisk og bureising, nå som sysselsettingstiltak, fekk vind i segla. I tillegg hadde USA sett bremsene kraftig på for innvandring.

I 1935 kom det til eit forlik mellom Arbeiderpartiet og Bondepartiet, og det er på denne tid at talet på bureisingsbruk når sin topp. I den store bureisingsperioden 1921-1936 blei omlag 10500 nye bruk reist i Noreg med støtte frå staten. 187 av desse var i Aust-Agder. Det var særlege vilkår for å få støtte, mellom anna var det i starten eit øvre tak på kor stor formue søkaren kunne ha.

Reglane gjekk i hovudsak ut på dyrkingsbidrag og uthusbidrag, etterkvart óg bidrag til våningshus. Det var forutsetninga at arbeidet med både dyrking og bygging skulle utførast av bureisaren sjølv. I tillegg kom eigne lån i Småbrukarbanken.

Bruka var ikkje store nok til å brødfø ein familie aleine, i alle fall ikkje i Åmli. I ei spørjeundersøking på denne tida svarar ca. 65% nei i indre Agder på spørsmålet om dei kan leve av bruket aleine. Dette er dobbelt så høgt som landsgjennomsnittet. I den same undersøkinga seier eit klart fleirtal at dei (bureisarane) kjem frå bygda, at far deira var småbrukar og at viktigaste byrke var skogsarbeid. Dei fleste husa var på 1 1/2 etasje, men bare eit fåtal hadde elektrisk straum og innlagt vatn.

Bureising var óg ei viktig sak i kommunepolitikken i Åmli i "dei harde 30-åra". Åmli kommune kjøpte i 1937 Øymyra på Jordøya, Simonstad. Dette gav 3 bruk.(Sjå oversikt)

Året etter kjøpte kommunen Beråsfeltet på 2070 mål. Der var planlagt 5 bruk, men så kom krigen, og ny tidsånd etter den. Bare 2 bruk blei påbegynt(Ommund Berntsen og Knut Myhre), ingen av dei bygde uthus og jorda blei lagt ut til fellesbeite.

I dag står bureisingsbruka i Åmli, desse "mini-gardane", som eit minne frå vår nære fortid. Eg har ofte lurt litt på kva bakgrunnen for dei var. Derfor dette stykket med litt historisk utvikling for å nyste opp trådane bakover i korte trekk. Ein del av utviklinga gjeld landet generelt og kan ikkje utan vidare overførast til bygda vår. I den bureisingsperioden eg har skrive om var Gjøvdal og Tovdal eigne kommunar og er ikkje med her.

I protokollane for dyrkingsplanar til Åmli jordstyre har eg funne desse bureisingsbruka, med namn på bruket og bureisaren i parentes:

**Gjermones krets:** Brekka (John Engenes), Ljosland (Hans Berås), Båsland (John Båsland), Havstad (Aslak Nils Berås), Solås (Knut Tverstøyl), Helseth (Roald Vinsnes).

**Dølemo krets:** Kollstad (Torof Båsland) og det omtala Beråsfeltet.

**Simonstad krets:** Steinsland (Konrad Steinsland), Vik (Ole Ånesen Vik), Elvestad (Martin Hansen).Desse 3 på Jordøya. Elles: Lien (Jens A. Lien), Øygarden (Olaf T. Øygarden).

**Selåsvatn/Flaten krets:** Opheim (Gunnar Nylund), Lunde (Knut Lunde), Grimelandshovet (Trygve Grimelandshovet), Rundhaug (Gunnuf Oland), Sørddal (Ingebrigt Vimme), Fjellstad (Eivind Hushovd).

**Tveit krets:** Espeland (Osuf O. Espeland), Grandalen (Sven Liane).

**Øvrebygda krets:** Breiung (Halvor Strand), Moe (Olav S. Seljås).